

## Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 18.03.19

**Til stades:** Solveig Marie Ådneram, Tone Østtveit Kvinen, Anita Haugen, Helin Morel, Siri Fidjeland og Åse-Berit Fidjeland

### Sak 10/19: Årsplan - komande aktivitetar

a) Tone har snakka med Monica Herredsvela om kurs i **omsying/redesign**, og me ynskjer kurs fredag 20. september på Sinnes skule. Det blir eit firetimarskurs, 17.00-21.00, med høve til å halda fram på laurdag. Monica Herredsvela har med inspirasjonsting, og alle deltakarane tar med ting dei vil sy om sjølv. Kurset kostar kr. 5000,- alt inkludert med maks 12 deltakarar.

Det blir påmelding etter sommarferien: Kr. 300,- for medlemmar

Kr. 600,- for ikkje-medlemmar

Husflidlaget har Fikselaug som nasjonal satsing i år.

b) Solveig Marie og Tone reiser på **RBK sitt årsmøte** 22.-23. mars på Bryne.

c) Lund bygdekvinnelag har invitert til **sonemøte** 26. mars kl. 19.00 på Hovstun. Anita, Siri og Åse-Berit reiser. Ein bør snakka om korleis dialogen og samarbeidet skal vera.

d) Solveig Marie åt lønsj med Sosan Asgari Mollestad sist ho var i Oslo, og Sosan lurte på om ikkje Sirdal BK kunne vera med vidare på "**KvinnerUT - mestring og kompetanse**" for å styrkja minoritetskvinner sin kompetanse, og "gjennom dette bidra til inkludering, økt deltakelse i samfunnet og bedre muligheter for sysselsetting". Ho har sendt meir info i e-post, der ho samstundes takkar for sist; "*Det var utrolig hyggelig å besøke dere og oppleve lokallagets engasjement og aktiviteter i Sirdal og det gode samarbeidet mellom de forskjellige aktørene når det gjelder integrering og inkludering av våre nye landsmenn og kvinner.*"

Me bør få til noko her, for dette gjeld ikkje berre flyktningar, men alle fleirkulturelle kvinner. Fleire på Tonstad sakna språkkafé då Siri var på julesamling hos Karine, og me sjekkar ut aktuelt samarbeid med

a) NAV/flyktningekonsulenten - Åse-Berit

b) frivillighetssentralen - Siri

c) vaksenopplæringa/Sirdal kommune - Åse-Berit

Det kan m.a. vera språkkafé, omsyingskurs og matlaging (kvar sine tradisjonar).

e) Kurs i **sofiøkaker** 28. mars med Gunnbjørg Myhre til basaren dagen etter. Anita får stadfesta at ho kan, og me sender ut til medlemmene med frist måndag 25.

### Sak 11/19: Planlegging basar 29. mars

Leiaren i Sirdal skilag delegerte planlegginga til Siri og Bjørg Hilde, og skilaget tar ansvar for matservering og oppgåver på sjølve basaren.

Det er lagt ut **loddbøker** på dei tre butikkane i Øvre Sirdal og på Sirdal skistadion, og både små og store har selt lodd i helgene. Det vert tre **åresal** à kr. 10,- med ti (10) gevinstar til kvart sal. Anita låner årene, medan Solveig Marie sorterar og organiserer medhjelparar.

**Kvart enkelt medlem** leverer inn gevinst til ein i styret **seinast** 26. mars, og fruktkorger (SMÅ) og kaker (KA?) må vera leverte fredag 28. mars før kl. 15.00!

**Ordna til på førehand:** Siri Fidjeland  
(frå kl 14.30) Helin Morel  
Åse-Berit Fidjeland

Kan **ungdomsskulen** setja ut bord og stolar?

**Skriva i loddbøker:** Vigdis Vårdal (vaksenbok + notera uavhenta gevinstar)  
(møt opp **16.55!**) Anita Haugen (vaksenbok + notera uavhenta gevinstar)  
Karine Tjørhom Myhra (barnebok)  
Grete Hegre (barnebok)

**Selja årer m.m.:** Solveig Marie Ådneram m/hjelp av jentene i 8. klasse, samt ev.  
Elin Tjørhom, Gro Nilsen og Helin Morel

**Leia basaren:** Lena Bøgwald, ev. Birgitta Tjørhom (*Åse-Berit sjekkar*)

**Trekking:** Lena Bøgwald, ev. Birgitta Tjørhom (*Åse-Berit sjekkar*)

**Plukka opp gevinstar:** Siri Fidjeland

**Kjøkkensjef og servering:** Sirdal skilag v/Kari Andersen m.fl. (*Siri sjekkar*)

**Rydding:** Alle SBK-medlemmer og Sirdal skilagsrepresentantar

**Vasking:** Helin Morel

### "Sponsorgevinstar":

Solveig Marie: Skitrekk, hotellet, Sinneshyttå, Smak i Sirdal, Hyttebutikken og Fjellbutikken

Siri: Viking/Tormod og GP

Anita: Sirdal sag, butikkane på Tonstad og Omlidbutikken

Helin: Sirdal Fjellgolf

**Hugs** å merka med lapp under slik at det blir opplyst kven som har sponsa!

### Sak 12/19: 20-års-jubileum

- Jubileet vert feira laurdag **2. november** (som var ein tysdag i 1999).
- Alle medlemmer frå 1999 til 2018 blir inviterte. Solveig Marie har listene over styre-representasjon og utmelde medlemmar.
- Me satsar på middag og underhaldning (konsert/humor) som trekkjer mykje folk.

Og så kan me diskutera om det er nedlegging, gravøl eller feiring... Det viser seg at medlemstalet år ned i alle fylke bortsett frå Møre og Romsdal.

### Sak 13//19: Litt av kvart

a) **Sommaravslutning:** Tore Nærland kan ikkje koma likevel.

b) Det er fleire som ikkje har betalt **kontingent**, og Åse-Berit minner dei på det.

**Nytt møte:** 30. april kl. 19.00 på Sinnes skule  
- oppgjer etter basaren